

---

Saknr: 2020/37072-1  
Saksbehandlar: Kjersti Døsland

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

**Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at det framlagte utkastet til hovudmål for innkjøp vert gjort gjeldande i Vestland fylkeskommune.

**Samandrag**

Innkjøpsseksjonen har utarbeidd utkast til hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg. Utkastet har vore til høyring hos dei innkjøpsansvarlege i dei ulike avdelingane i fylkeskommunen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Innkjøpsseksjonen har utarbeidd utkast til nye hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg. Utkastet har vore til høyring hos dei innkjøpsansvarlege i dei ulike avdelingane i fylkeskommunen.

Hovudmåla er avgrensa til berre å omfatta innkjøpsprinsippa, då det førebels ikkje ligg føre ein verksemdstrategi for Vestland fylkeskommune.

Innkjøpsprinsippa er overordna prinsipp og føringar for alle innkjøp i fylkeskommunen. Prinsippa vil operasjoniserast kontinuerleg gjennom rutinar, prosedyrar og malar i Styringssystem for Kvalitet og HMS.

Hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune er som følgjer:

1. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre innkjøpa sine i tråd med lover og forskrifter, og med særleg fokus på dei grunnleggjande prinsipp i anskaffingsregelverket
2. Vestland fylkeskommune skal opptre med integritet i innkjøpsprosessane
3. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre så kostnadseffektive innkjøp som mogleg
4. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar av høg kvalitet
5. Vestland fylkeskommune skal leggje til rette for lokal gjennomføring av innkjøp
6. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre miljøvenlege og berekraftige innkjøp
7. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp
8. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre innovative innkjøp
9. Vestland fylkeskommune skal sikre effektiv bruk av inngåtte avtaler og drive strategisk kontraktoppfølging og leverandørutvikling
10. Vestland fylkeskommune skal sikre kontinuerleg forbetring og redusering av risiko i alle innkjøp

### Oppfølging av verbalpunkt 4 i budsjettvedtak for 2020

I budsjettvedtaket for 2020 vart det vedtatt følgjande verbalpunkt: «Vestland fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle offentlege anbod, mellom anna krav om lærlingar, fast tilsette og faglært arbeidskraft».

Krav om seriøse leverandørar har vore ein viktig føresetnad for innkjøpsarbeidet til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. 21. november 2018 vart det lagt fram eit notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet i Sogn og Fjordane om oppfølging og vidare arbeid med seriøsitetskrav, jf.

<https://www.sjf.no/offentlig-mote-fylkesutvalet-21-11-2018.344489.nn.html?mid=108517.fda20b5090>. I notatet er det også vist til Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med Oslo-modellen, som hadde sitt utgangspunkt i eit verbalpunkt frå budsjettvedtaket for 2018. Oppfølginga av dette vart fremja som sak for fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune desember 2018, jf.

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/Details/14045?sourceDatabase=>.

Kontraktsmalane som eigedom, innkjøpsseksjonen og Bybanen Utbygging nyttar er oppdaterte med seriøsitets- og lærlingkrav i tråd med verbalpunktet om Oslo-modellen. Desse malane er vidareførte i Vestland fylkeskommune. Avdeling for infrastruktur og veg tek førebels utgangspunkt i eksisterande malar frå Statens vegvesen. Det vert stilt krav om lærlingar og fast tilsette, medan det pr. no ikkje er krav om faglært arbeidskraft i malane frå vegvesenet.

Innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune vil samarbeide med avdeling for infrastruktur og veg for å få på plass nye malar og rutinar. Arbeidet med å sikre gode løns- og arbeidsvilkår for dei som jobbar på fylkeskommunale kontraktar vil halde fram.

Under framlegget til punkt 7 i hovudmåla om samfunnsansvarlege innkjøp, er det innarbeidd følgjande:

- Vestland fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle konkurransar, mellom anna krav om lærlingar, fast tilsette og faglært arbeidskraft i tenestekontraktar.

Fylkesrådmannen vurderer at dette svarer ut verbalpunktet om seriøsitetskrav i budsjettvedtaket for 2020.

Vurderingar og verknader

Slik fylkesrådmannen vurderer saka vil ikkje hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune føre til auka utgifter. Endringane vil kunne handterast fullt ut med dagens ressursar på feltet.

#### Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune blir vedteke.